

## Due imponert over livskraften i Uskedalen

25.03.2013



Kristian, Ragnhild, Per Kristian (3) og Dagny Linnea (1 1/2) forlet no Kvinnherad. Foto i Kyrkjelydsbladet.

**Sokneprest Kristian Due (29), som no forlet kommunen, er imponert over kor livskraftig Uskedalen er. Det er verkeleg tak i dei som bur der, seier han i eit avskilsintervju med Kyrkjelydsbladet.**

**Han opplevde det som spennande å gå inn i prosessen med å knytte Uskedal sokn til Husnes kyrkjekontor, men vil gje all honnør til folket i soknet for måten dei har gått inn i dette på og for måten dei har teke imot han og familien på.**

Dette har vore den første prestestillinga hans og det er på mange måtar Husnes og Uskedalen som har lært han å vera prest. Han har lært mykje av folk han har møtt i ulike samanhengar. Det har vore ein god læringsprosess og han opplever at folk har vore tålmodige og latt han gjera sine erfaringar. Bygdene vil alltid ha ein spesiell plass i livet hans.

På spørsmålet om kva som er det finaste ved å vera prest svarar han at det er all den gleden han får møta i ulike samanhengar. Han tenkar då til dømes på bryllup samt dåpssamtalar og dåp. Han tenkjer og på familiegudstenester med mange ungar på plass eller høgmesser der dei får samlast om noko viktig.

I samband med at Due no vert misjonsrådgjevar ved Møre bispedømme har han vore på studietur til Kina og har ein stor reportasje om turen i Kyrkjelydsbladet. Her skriv han mellom anna at ansvaret for misjonsoppdraget alltid er lokalt og noko heile kyrkja gir i fellesskap. Det er nettopp gjennom denne fellesskapen kyrkja vender seg utover til den verda den er ein del av.

Av Ola Matti Mathisen